

226

Helge Sandøy

F Å R Ø Y S K F O N O L O G I

Nordisk institutt

Bergen 1989

Innhaldsliste

Føreord	3
1. Innleiing	4
2. Strukturalistisk fonologi	4
2.1. Historikk	4
2.2. Fonemomgrepet	5
2.3. Fonemisering	6
2.4. Distribusjon	7
2.5. Distinktive faktorar	7
2.6. Konsonantane	8
2.7. Segmentering	10
2.8. Vokalane	12
a. Monoftongane	12
b. Diftongane	13
c. Lang - kort	15
2.9. Arkifonem	15
2.10. Språkhistoria kompliserer	16
2.11. Diftongar - glidelydar	17
3. Morfofonemikk	17
4. Generativ fonologi	19
4.1. Historikk	19
4.2. Prosess	20
4.3. Reglar i færøysk vokalisme	21
4.4. Avleiing (derivasjon)	23
4.5. Reglar og inventar	23
4.6. Reglar i færøysk konsonantisme	23
4.7. Distinktive faktorar	25
4.8. Grensene for abstraksjonar	26
Litteraturliste	27

Føreord

'Fonologi' er læra om lydsystemet, i motsetning til fonetikken, som tar for seg dei konkrete lydane slik dei blir uttalt. Fonologien er altså opptatt av korleis ein kan sette lydane inn i eit system.

Det har i dette hundreåret vore lansert fleire modellar for korleis ein kan beskrive lydsystemet i eit språk. Kvar modell kan ha styrke og veikskapar på ulike område. Dei to hovudretningane er strukturalistisk fonologi og generativ fonologi. Eit mål med dette heftet er nettopp å gi ei framstilling av desse to fonologiske retningane eller skolane - ved å drøfte spørsmål ein møter i analysen av same konkrete materiale. Målet er å demonstrere ulik tenkemåtar/arbeidsmåtar, ikkje å presentere noen kanonisert form av desse retningane.

Materialet er færøysk språk, som nettopp i fonologien eignar seg godt til å illustrere beskrivelsesproblema for ulike modellar. Utgangspunktet er her tatt i den "standard-færøysken" som bygger på dialektane på Suður-Streymoy.

Dette heftet bygger på eit kurs i fonologi som eg heldt for hovudfagsstudentar i nordisk ved Fróðskaparsetur Føroya hausten 1987.

HS

1. Innleiing

Ulike fonologiske teoriar og modellar representerer ulike perspektiv og ulike angrepsmåtar for analysearbeidet. Men dei viser òg ei historisk utvikling der ein ny teori bygger på nyvinningane åt ein tidligare teori. Mye har forandra seg etter at Saussure gav strukturalismen gjennomslag. Men somt står likevel fast, det har overlevd. Innafor fonologien må vi tale om evolusjon - ikkje revolusjon. Generativ fonologi tok rett nok eit stort sprang; men når kritikken har fått skala av det mest spekulative, viser mange gamle omgrep seg som dei mest solide.

Nedafor skal vi konsentrere oss om to retningar, den grunnleggande strukturalismen og den radikale nyskapningen generativ fonologi. Vi skal bruke begge teoriane og modellane på færøysk materiale, og på den måten sjá sterke og svake sider ved dei, og vonlig òg at dei begge har noe å gi oss.

Eg skal ikkje gi noen fullstendig analyse. Hovudpoenget i dette kurset er å demonstrere problem, ikkje å gi noen endelig løysing, for den fins knapt.

2. Strukturalistisk fonologi

2.1. Historikk

I siste halvdel av 1800-talet gjorde fonetikken store framsteg, i artikulatorisk og instrumentell analyse. Det blei eit mål å beskrive språket med fonetisk presisjon. Til dette formålet blei det utvikla ymse fonetiske alfabet.

Eit resultat av dette vitskaplige framsteget var ei innsikt i kor uendelig stor den fonetiske variasjonen var. Det blei dermed naturlig at det skaptes ei interesse for å systematisere det som såg ut som eit kaos av lydar (=fonar).

Som ein bakgrunn for strukturalismen må ein òg nemne den junggrammatiske skolen, som vokste fram frå ca. 1875. Denne språkvitskaplige retninga var historisk orientert: Lydane var produkt av unntakslause historiske utviklingslover.

2.2. Fonemomgrepet

Denne historiske bakgrunnen kan gi oss ein nøkkel til å forstå perspektivet og innfallsvinkelen åt strukturalistane: Ein vil ha orden i materialet, og ein ønskjer å sjå på språket som ein samtidig einskap bygd opp som eit system med indre strukturar.

Fonemomgrepet veks fram av ei innsikt i at alle fonetiske forskjellar ikkje har same funksjon. 'Funksjon' har med det saussure'ske skiljet mellom form og substans å gjøre. Ikkje all endring eller variasjon i substansen har konsekvensar for forma. Dette blir utgangspunktet, eller kriteriet, for å gruppere dei uendelig mange lydvariantane som ein kan registrere.

Sjølve fonemomgrepet har vore igjennom ein lang modningsprosess. Det var fleire perspektiv på fonemet, som kanskje ikkje alltid var klårt presisert. Somme var historisk orientert og opptatt av historisk slektskap. Det skaper lett problem for synkron definisjon og analyse. Andre såg implisitt på fonemet som ei psykologiske eining, noe vi mentalt klassifiserte lydmassen i. (Og fonemet har opplagt klår tilknyting til den språklege intuisjonen vår.)

Med utgangspunkt i materialet blei 'fonemet' helst oppfatta som ein klasse av lydar eller fonar. Mange såg på fonemet som ein klasse for noe som hadde felles fonetiske eigenskapar. Det var altså ei fonetisk klassifisering.

I det praktiske arbeidet, i f.eks. lydskrivinga (transkriberinga), har ikkje slike ulike perspektiv alltid så store konsekvensane, for dei fleste (og vanligaste) fonema, som /p, b, t, d, k, g, l/ osv. blir ein einig om sjølv om innfallsvinklane kan vere ulike. Men i alle språksystem - eller i dei aller fleste - fins det såkalla marginale område der det kan bli usemje. Der blir det vanskelig å bruke både intuisjon og fonetikk. Dermed tvingar det seg fram strengare krav til analyseprosessen (fonemiseringa), til teknikken, og ein må presisere den teoretiske fonemdefinisjonen og dei praktiske kriteria.

2.3. Fonemisering

Viktigaste testen på fonemstatusen er substitusjons- eller kommutasjons-prøva: Ein byter ut éin lyd med ein annen og held resten av ordet konstant. Får ein da ei ny tyding, er forskjellen på dei to lydane tydingsskiljande, det er tale om to ulike fonem. Ordpara ein stiller opp slik, er minimale par. Dette er altså eit reint funksjonsperspektiv. Og den vanlige definisjonen av eit fonem i dag bygger på dette perspektivet: 'Eit fonem er den minste tydingsskiljande lydeining.'

Men om substitusjonsprøva er beste reiskapen i fonemiseringa, oppstår det likevel problem:

1) Vi ønskjer ikkje å klassifisere saman som eitt fonem to lydar som er fonetisk heilt ulike. I dei fleste nordiske dialektar står [h] berre i framlyd, mens [ŋ] aldri står i framlyd. Ein kan altså ikkje finne noe minimalt par mellom desse lydane. Da skulle vi kunne klassifisere dei saman, for dei står ikkje i funksjonell opposisjon til kvarandre. Men intuisjonen vår strittar imot. Derfor er det vanlig å stille eit "objektivt" krav om fonetisk likskap mellom allofonane av eitt fonem. Men dette er eit handgrep vi gjør ad hoc fordi ein konsekvens av substitusjonsprøva var "ubehagelig".

2) I somme tilfelle er det umulig å finne eit minimalt par som viser opposisjon mellom det vi intuitivt føler skal vere ulike fonem. Det kjem av at somme fonem er mindre brukt i språket enn andre, og at det derfor fins "hol" i ordforrådet, fonemet er tilfeldigvis ikkje utnytta i ein viss lydkombinasjon som vi har bruk for i testen! Men skal det vere grunn til å avvise fonemstatusen?

Lydane [ʃ] og [ʂ] er fonetisk nokså like i færøysk, og ein kunne undras på om dei representerer to skilde fonem. Begge har avgrensingar i kvar dei kan finnas i ordet, slik at det er vanskelig å finne eksempel som viser opposisjon. Hittil har ikkje eg funne eit minimalt par. Men i slike tilfelle kan ein bruke eit subminimale par, dvs. eit par der det fins enda ein forskjell, men der denne forskjellen ikkje kan settas i samanheng med den forskjellen vi arbeidet med. Derfor kan vi seie at /trɔʃ/ og /fɔʂ/ viser ein fonemopposisjon mellom /ʃ/ og /ʂ/, for forskjellen mellom /tr/ og /f/ fremst i ordet har ingenting

med sistelyden å gjøre. Det ser vi at at /f/ kan kombineras med /ʃ/ i andre samband: /føʃti/ 'fýsti'.

Her har vi igjen berga oss i land, men vi føler oss ikkje på like trygg grunn nå som etter å ha funne rette minimale par. I den grad vi oppfattar dette som eit unntak, kjennes sjølv sagt ikkje det så godt i ein stringent analyse.

3) Om vi har eit minimalt par, er det ikkje utan vidare opplagt kva fonem det viser opposisjon imellom. Paret [kvøld] - [kvøyʌj] 'kvøld - kvild' ser i første omgang heller ikkje ut som eit minimalt par, for her er tre ulike lydar. Men med betre innsikt veit vi at [ʌj] er kominatorisk variasjon av /ld/ etter visse vokalar, bl.a. /øy/. Det minimale paret inneheld altså opposisjonen /ø - oy/. Men eksempelet viser at analysen av éin lyd er avhengig av korleis vi har analysert ein annen lyd. I prinsippet må analysen av heile systemet vere avslutta før kvar detalj er avklart. I praksis arbeider ein sjølv sagt ikkje slik. Men vi har her demonstrert at om analysen i minimale par er enkel og sikker, kan ikkje den heller gjennomføras på "berr bakke", dvs. utan visse føresetnader.

2.4. Distribusjon

Dei problema vi nemnte ovafor, har alle med distribusjon å gjøre. Ein lyd som kan finnas i alle lydkombinasjonar og i alle posisjonar i eit ord (framlyd, innlyd og utlyd), har full distribusjon. Men mange lydar har avgrensa distribusjon. Denne avgrensa distribusjonen kan vere systematisk tilfeldig, f.eks. pga. at det er få ord som har lyden. Eller den avgrensa distribusjonen er avhengig av eit visst kombinasjonsmønster. Kombinasjonsmønstra forklarer dei kominatoriske allofonane.

2.5. Distinktive faktorar

Fonologar i Praha på 1920-talet, Pragskolen, begynte å sjå på lydane som ein kombinasjon av fleire eigenskapar. Eigenskapane var dermed færre enn fonema. Med desse eigenskapane var det også mulig å systematisere fonema i grupper, eller "seriar" og "ordnar" som dei blei kalla: /p, t, k/ er ein serie av ustemte klusilar, og /t, d, n, s/ er ein orden av dentalar. Eigenskapane fortel altså om korleis vi uttalar lydane.

2.6. Konsonantane

Når det gjeld konsonantane, fortel dei aktuelle distinktive faktorane om uttalestad, uttalemåte, og om lyden er stemt eller ustemt.

Vi kan sette dei færøyske konsonantfonema inn i eit system:

	Labial	Dental	Palato-alveolarar	Retrofleks	Palatal	Velar	Ikkje fast artikulasjonsstad
Klusilar - ustemte	p	t				k	
- stemte	b	d				g	
Affrikatar - ustemte					ç		
- stemte					ð		
Frikativar - ustemte	f	s	ʃ	ʂ			h
- stemte	v		r[ɿ]		j		
Nasalar - ustemte							
- stemte	m	n				ŋ	
Lateralar - ustemt			l				
Vibrant - ustemt							
- stemt		(r)					

Her blir det i alt 20 konsonantfonem.

Vi ser at klusil- og frikativ-seriane er godt utnytta; det same kan vi seie om labial- og dental-ordnane. I tillegg er det nokså stor parallelitet mellom desse to ordnane. Systemet er godt utnytta ved at det er få hol (=ikkje-utfylte ruter). Parallelitet eller symmetri i systemet er stundom brukt som argument for å etablere fonem, der andre kriterium ikkje heilt har avgjort spørsmålet.

R-lyden kan variere i uttaLEN i færøysk, både geografisk og etter posisjonen i ordet. I dag dominerer nok den stemte frikative uttaLEN. Med å føre han opp som palatoalveolar frika-

tiv får vi fylt eit tomt hol der og altså auka parallelliteten i oppsettet. I tillegg slepp vi serien vibrant, som var svært lite utnytta.

Vi har altså oppnådd eit meir "straumlinjeforma" system på denne måten, og mange reknar det som ein fordel. Ein prøver å lage tolkingar som aukar parallelliteten og økonomien. Her finn ein f.eks. eit argument for å rekne [ŋ] som fonem, for det står ein ledig plass under velar nasal. Alternativet er å rekne den velare nasalen som allofon av /n/ framom velarane /k/ og /g/. Men det fins eit sterkare argument enn parallellitet for å føre opp /ŋ/ som fonem: I ordformer som f.eks. /tøŋt/ 'tungt' og /'riŋdi/ 'regnde' står ingen velar etter, sjølv om leksemet har /g/ i andre bøyingsformer. Og ordformene står i opposisjon til /tunt/ 'tynt' og /rindi/ 'sette i rørsle, kaste' (pret. av rinda).

Men det blir likevel mange hol i dette store konsonantsystemet, det er mange seriar og ordnar som ikkje er fullstendig utnytta. Noen av desse hola er rett nok utfylt "fonetisk" sett, særlig gjeld det ustørte allofonar. Tabellen ovafor kunne settas opp slik om vi tok med allofonar:

	Labial	Dental	Palato-alveolarar	Retrofleks	Palatal	Velar	Ikkje fast artikulasjonsstad
Klusilar - ustørte	p	t				k	
- størt	b	d				g	
Affrikatar - ustørte					ç		
- størt					j		
Frikativar - ustørte	f	s	ʃ	ʂ			h
- størt	v		r[ɿ]		j		
Nasalar - ustørte							
- størt	m	n				ŋ	
Lateralar - ustørte		[ɬ]			[ʎ]		
- størt		l		[ɻ]	[ʎ]		

Av dette ser vi at det vi fylte ut i første konsonantskjemaet vårt, var den mest typiske uttalen/realisasjonen av fonemet, det vi kunne kalle hovudallofonen. I tillegg har fonema også ofte andre allofonar som ikke blir fanga inn av desse distinktive faktorane.

Alle desse allofonane er avhengige av kva omgivnader fonemet står i. Vi talar om såkalla 'kombinatoriske allofonar'. Tydelig ser vi det i uttalen av l-fonemet i ulike omgivnader:

- /l/ - [l̪] framom ustemt konsonant, f.eks. i salt
- [k̪] etter kort palatal vokal og framom annen konsonant, f.eks. i kvíld
- [l̪] etter /r/, f.eks. i perla
- [k̪] etter kort palatal vokal og framom ustemt konsonant, f.eks. i heilsa
- [l̪] elles, og dvs. oftaast, derfor kallar vi dette hovudallofonen.

Den vanlege fonemdefinisjonen innafor strukturalismen er: 'Eit fonem er den minste tydingsskiljande lydeining.' Med 'lydeining' siktar vi til ein abstrakt storleik, allofonane er derimot den konkrete faktiske uttalen. Ovafor såg vi korleis vi hadde fem l-lydar (allfonar), men ingen av dei blir bruk til å skilje ut eitt ord frå eit anna med ein annen l-lyd. Alle desse l-lydane er uttrykk for eitt og same l-fonemet; kva for ein av dei fem lydane/allfonane som blir bruk, er avhengig av ein annen lyd eller fleire andre lydar i same ordet.

2.7. Segmentering

Lydmassen som blir overført gjennom lydbølgjene, er eit lineært kontinuum. Eit spørsmål vi så må finne ei løysing på, er kor "lang bit" av denne lydmassen som skal reknas som er ein lyd, og altså representant for eit fonem.

For den som har språket som morsmål, er dette oftaast intuitivt uproblematisk. Men som objektivt kriterium held ikkje intuisjonen. Vi kan derimot seie at ein lyd er den minste lineære eininga som kan stå i opposisjon til ei anna lineær eining. Hovudallofonen åt f.eks. fonemet /k/ er [kʰ], dvs. ein ustemt velar klusil + ein pustelyd etter. Etter ein /s/ er allofonen derimot [k], dvs. bare ein ustemt velar klusil. Men

[k^h] og [k] vil aldri stå i opposisjon til kvarandre, slik at h-en kan ikkje skiljas ut som sjølvstendig fonem som kan stå eller mangle i same omgivnaden. Han representerer ein fast artikulatorisk eigenskap ved den eine k-allofonen.

To segment har vi derimot i [kr], for /krapi/ krappi og /kapi/ kappi er to ulike ord, r-en er sjølvstendig i forhold til k-en; han kan stå eller mangle.

Dermed ser vi at vi bruker den strukturalistiske analyse-måten også til å avgjøre kor mye av den lineære lydbølgjestraumen vi skal rekne til eitt fonem/lydsegment.

Korleis dette kan bli ein innfløkt diskusjon, kan vi sjå av spørsmålet om dei to affrikatane er eigne fonem, eller om dei er samansetningar av to fonem. Affrikaten [ç] står i opposisjon til både /k/ og /t/, og alle desse tre lydane kan stå i same posisjonane i moderne færøysk: /øold/ ≠ /kold/ ≠ /told/ ('tjøld, kold, tøld'), men det fins f.eks. ingen [c] eller [ç] som [ç] står i opposisjon til. Den lineære lydsekvensen [c] + [ç] utgjør altså éi eining til saman.

Førstekomponenten i affrikaten svarer rett nok til den palatale allofonen av /t/, men denne allofonen er bunden til andre vilkår. Andrekomponenten fins kanskje bare i eitt tilfelle, som ustmidt allofon av /j/, nemlig i det nye (oppattnya) ordet 'stjóri': [stçou:ri]. Men her ser vi nettopp eit tilfelle av kombinasjon av /t/ + /j/, utan at t-en viser allofonen [c]. (I dialekten på Suðuroy er kombinasjonen /tj/ meir frekvent.) Resultatet er at vi har problem med å isolere kvart av affrikatelementa som allofonar av andre fonem; dei to elementa er avhengige av kvarandre.

Kva av den lineære lydstraumen som utgjør eit segment, kan altså drøftas. Og dermed ligg det her også opningar for ulike tolkingar. Tar vi utgangspunkt i siste eksempla våre, kan vi seie at [ç] aldri vil stå i opposisjon til [kj], ein kombinasjon som kort og godt ikkje fins i færøysk, utanom i samansetningar der k-en er final i første leddet og j-en initial i andre leddet. Tolkar vi [ç] som /k/ + /j/, ser vi at j-en er uavhengig av k-en, for [øold] står i opposisjon til [kold], dvs. tolka som /kjøld/ ≠ /kold/. Strukturelt gir dette ei fullt mulig løysing, ein mistar ingen opposisjonar, det blir ingen

"kollisjon" i strukturen. Systematisk oppnår ein å få færre fonem på denne måten ([ʃ] kan også analyseras tilsvarande), og i skjemaet vårt ovafor slepp vi den lite utnytta serien for affrikatar.

Denne siste måten å analysere lydane på, kallar vi bifonemisk, i motsetning til monofonemisk. Ein kan gå ulikt langt i bifonemiske tolkingar, og somme bruker slike løysingar for å gjøre foneminventaret mindre. Kor langt ein skal gå, kan vurderas i forhold til sjølve uttalen/realisasjonen. Traditionell strukturalisme har vilja halde seg til realisasjonen, slik at ein ikkje skulle gå lenger enn det ein kunne kjenne att fonetisk. Ein kan altså ikkje tolke noe som to etterfølgjande fonem dersom ein ikkje finn stor fonetisk likskap i den fonetiske lineære lydsekvensen. For [ç] er det ikkje heilt urimelig å seie at det er /k/ + /j/, der kvart av fonema har kombinatoriske allofonar [c] og [ç] pga. ein artikulatorisk assimilasjonsprosess.

2.8. Vokalane

Vi tar her opposisjonane for gitt, og dermed kva som er vokalfonema. Når ein skal systematisere vokalane, gjør ein det etter dei distinktive faktorane 'fremre' (mot bakre, altså vertikal plassering), 'høgd' og 'runding'.

a. Monoftongane

Vi analyserer dei etter uttalen i lang posisjon.

	Fremre		Bakre
	Urunda	Runda	Runda
Høge	i		u
Mellomhøge	e	ø	o
Låge	a		

Vi ser her at systemet ikkje er heilt utnytta, for her er tre "hol".

Klossemødellen ovafor viser oss enkelt og greitt kva som er dei distinktive faktorane for kvar av desse monoftongane. Men ikkje alle faktorane er nødvendige for å kunne skilje mellom desse vokalane; det heng nettopp saman med dei tre "hola". For å skilje ut i-en f.eks. treng vi bare +høg og +fremre. Vi seier da at faktoren runda er redundant.

Vi kan illustrere korleis dei distinktive faktorane er utnytta med å stille opp ei såkalla matrise der dei redundante faktorane er umarkerte:

	i	e	ø	a	u	o
høg	+				+	
mellom		+	+			+
låg				+		
fremre	+	+	+			
runda		÷	+			

Her må vi forklare at med å bruke + og ÷ til markeringar, kan vi enkelt få fram eigenskapen 'bakre' med å kalle han for ÷fremre. Og runda og urunda er + og ÷runda. Eit slikt "binært" system fungerer greitt så lenge det er bare to verdiar på den dimensjonen som den distinktive faktoren representerer. Men i høgdedimensjonen er det tre verdiar (høg, mellom og låg), og da må ein ty til andre framstillingsmåtar. Her har vi markert kvar verdi for seg, og den aktuelle blir markert med +.

Faktoren 'låg' ser vi er lite utnytta, bare til å markere /a/, som dessutan har denne faktoren som sin einaste distinktive faktor. Ettersom bakre vokalar alltid er runda, som elles i nordisk, og ettersom færøysk har itakisme, blir også faktoren runda lite utnytta, her bare til å skilje /e/ og /ø/.

b. Diftongane

Det er ikkje utvikla noen fast tradisjon for analysen av diftongane. Men vi kan her utnytte retninga for vokalglidinger som distinktiv faktor. Vokalglidinger er nettopp kjennemerket på diftongane. Vi kan dermed stille opp denne klossemødellen for dei færøyske lange vokalane, der plasseringa i høgd og tfremre

går etter førstesegmentet, rørsla etter plasseringa av andresegmentet:

	Fremre			Bakre		
	Opp	Ned	Bak	Opp	Ned	Fram
høg			eu			ui
mellomhøg	ei	ea		ou	oa	oy
låg	ai					

Vi treng altså ikkje å rekne faktoren runda som relevant for diftongane. Her ser vi òg at retninga på rørsle er redundant både hos dei høge diftongane og den låge. (Skulle vi lage ei felles oppstilling for monoftongar og diftongar, måtte vi sjølv sagt markere at det var ei gliding på diftongane.) Ei redusert matrise for diftongane ser slik ut:

	eu	ui	ei	ea	ou	oa	oy	ai
bakre	÷	+	÷	÷	+	+	+	
høg	+	+						
mellom			+	+	+	+	+	
låg								+
rørsle opp			+	÷	+	÷	+	
rørsle fram					÷		+	

(Bakre er her brukt i staden for fremre for lettare å kunne beskrive /eu/, der førstesegmentet verken er fremre eller bakre. Ved å la bakre vere markert, skil ein mellom dei to høge med + og ÷ bakre. Med 'fremre' som markert, ville begge vere ÷fremre, og ein måtte ha éin faktor i tillegg.)

Elles ser vi her at fremre-bakre dimensjonen er utnytta unntatt for /ai/, som er den einaste med faktoren +låg. Den vertikale rørsle er relevant for alle mellom-diftongane, mens den horisontale rørsla trengs for bare å skilje /ou/ og /oy/.

Monoftongane og diftongane gir til saman 14 vokalfonem i færøysk.

c. Lang - kort

Eit svært særmerkt drag i færøysk er dei mange forskjellane på uttalen av korte og lange vokalfonem. Som vanlig i mange språk er det færre opposisjonar mellom dei korte enn mellom dei lange vokalane. Det systematiske forholdet mellom lange og korte kan stillas opp slik:

Fonem:	Lang allofon	Kort allofon	Grafem
/ä/	[εa:]	[a]	{a, æ}
/a/	[a:]		{a}
/e/	[e:]	[ɛ]	{e}
/ei/	[εi:]	[ɛ]	{ey}
/i/	[i:]	[ɪ]	{i}
/o/	[o:]	[ɔ]	{o}
/ɔ/	[øa:]	[ɔ]	{á}
/u/	[u:]	[ø]	{u}
/ø/	[ø:]	[æ]	{ø}
/ou/	[øu:]	[æ]	{ó}
/oy/	[ɔi:]	[ɔɪ]	{oy}
/eu/	[øu:]	[y]	{ú}
/ai/	[ai:]	[ai]	{ei}
/ui/	[øi:]	[øi]	{í, ý}

Kvantiteten på vokalen i trykkstavingar er i færøysk ein "kombinatorisk" eigenskap; han er heilt ut ei følgje av konsonantismen bak. Framom kort konsonant er vokalen alltid lang, framom lang konsonant er vokalen alltid kort; og framom konsonantgrupper er òg vokalen kort unntatt framom /pr, pl, tj, tr, kr, kl, sj, þ, ê, /, der er vokalen likevel lang.

2.9. Arkifonem

Eit sentralt omgrep i strukturalismen var 'arkifonem', som refererer til lyden ein finn i slike fonotaktiske posisjonar der to eller fleire "normale" fonem ikkje kan stå i opposisjon til kvarandre. Opposisjonen er 'nøytralisert', seier ein òg gjerne. Det er f.eks. ingen opposisjonen mellom /g/ og /k/ framom /t/: trygt blir uttalt [trykt]. I vokalsystemet ovafor ser vi på tilsvarande måte at det ikkje kan vere opposisjon mellom /e/ og /ei/{ey}, mellom /o/ og /ɔ/{á}, og mellom /ø/ og

/ou/{ó} i posisjonar der vokalen blir kort, dvs. framom lang konsonantisme. Dei lydane vi får i desse posisjonane, omtalar vi som arkifonem. Den spesielle stukturelle statusen dei har, blir ofte markert med at ein skriv stor bokstav: /trykt/, /Estur/, /vOt/, /tØkti/.

Men arkifonemet er også blitt definert med ein eigenskap i tillegg til denne strukturelle: Arkifonemet har bare dei dis-tinktive faktorane som er felles for dei fonema det står i eit strukturforhold til, og denne faktoren eller desse faktorane skil arkifonemet frå alle andre fonem. For /K/ vil det seie '+velar, +klusiv'. For /E/ må det bli '+fremre, +mellomhøg, -runda', og for /O/ '+bakre, +mellomhøg, +runda'. Desse faktorane har ikkje arkifonema felles med noe anna fonem enn dei det står i eit strukturforhold til.

Verre er det med /Ø/. Fellesnemnaren for /ou/ og /ø/ er '+mellomhøg, +runda'. Men desse faktorane har fonemet /o/ òg, slik at /Ø/ neppe blir eit arkifonem etter ein så streng definisjon. Held ein på den strenge definisjonen, må forholdet her da mest naturlig beskrivas som ein overgang frå fonemet /ou/ til fonemet /ø/ i kort posisjon.

2.10. Språkhistoria kompliserer

Vi såg ovafor at diftongen /æu/ hadde som kortallfon [y]. Fonetisk er det ikkje så mye som skil førstekomponenten [a] i diftongen frå [y]. I det færøyske systemet har det mangla eit fonem /y/, og dermed har allofonien "fungert godt".

Men her ser det ut til at språkutviklinga vil komplisere igjen: Eit moderne ord som typuhús blir uttalt med lang [y:], og dette ordet blir ikkje direkte avvist av færøyske språkbrukarar. Reknar vi dette ordet og noen andre moderne ord med til moderne levande færøysk, står vi i den situasjonen at færøysk har fått eit nytt fonem /y/, som kan vere både langt og kort. Og dermed har vi fått ein fullstendig parallel til det vi drøfta ovafor (for /ou/ og /ø/): Fonemet /æu/ går over til eit anna fonem (/y/) når det står i kort posisjon.

Godtar vi /y/ som fonem, må sjølvsagt analysen vår ovafor av monoftongane endras. Det nye fonemet /y/ vil vere ein parallel til lang /a:/, som alt har eksistert ei tid i eit lánord

som "havi" [ha:vɪ] (='hage') (som står i opposisjon til [hea:vɪ] 1. pers. eint. pres. av hava). I dag er det fleire ord med dette nyare fonemet.

2.11 Diftongar - glidelydar

Eitt problem til må vi nemne før vi går over til neste hovudpunkt. Det er at det fonetisk sett ikkje er noen prinsipiell forskjell på diftong og glidelyd. Alle lange vokalar har meir og mindre tendens til å gli litt i kvalitet. (Når glidinga er avhengig av konsonanten bak, er fenomenet kombinatorisk, og vi kan oversjå det.) Vi manglar altså eit godt objektivt kriterium for å kunne avgjøre når vi har ein monoftong og når ein diftong.

Ovafor har vi rekna som diftongar alle vokalar som har tydelig gliding når dei er lange. Skomedal (1972) bruker i analysen av setesdalsmålet omgrepa fonemisk og fonetisk diftong, og fonemiske diftongar er bare dei som har gliding uavhengig av kvaritet. Etter ein slik omgrevsbruk burde desse fonema flytte over frå diftongar til monoftongar i framstillinga ovafor: /əʊ, ea, ei, oa/. Men ved ei slik ev. omstokking måtte òg /əʊ/ vurderas i forhold til diskusjonen ovafor om han kan fonemiseras saman med den korte korrespondansen [y]. Kan han ikkje det, vil både /əʊ/ og /ou/ finnas bare som lange, og da er dei diftongar.

Når vi skriv fonemisk, kjem ikkje variasjonen mellom allofonar fram. Ved skifte til arkifonem må ein velje seg ein konvensjon. I vanlig transkripsjon, der ein ikkje har noen teoretisk interesse fokusert på arkifonema, er det vanlig å skrive eit arkifonem med det fonemteiknet som ligg "fonetisk" nærest. Dette er ein praktisk konvensjon, som har til følgje at variasjonen i /bø:ta/ - /bø:t:i/ (bøta - bøtti) ikkje vil komme fram, men derimot i /rei:/ - /ret:/ (reyð - reytt).

3. Morfofonemikk

Vi har nå sett på at dei posisjonsbestemte skiftingane i uttalen av vokalane i færøysk skaper visse problem i fonemiseringa og visse problem i beskrivelsen med distinktive faktorar. Når vi ønskjer å sette f.eks. ein lang og ein kort vokal i saman-

heng, er det fordi vi veit at ei ordform med kort vokal og ei ordform med lang vokal kan høre til same ordet, og dermed vil vi at dei to formene skal ha mest mulig felles. Vi ønskjer at samanhengen mellom býta og býtti skal komme fram ved at mest mulig er likt. Og likeins mellom eyga og eygdur, rópa og rópti, læra og lærdi, súrur og súrt osv.

Det er her altså tale om samanhengen mellom ulike bøyingsformer av eit ord. Alle system bør prinsipielt vere enklast råd, slik òg bøyningssystemet, eller morfologien. Og enklast er det om stammen i ordet er fast og uforanderlig, det einaste ein gjør, er å foye til ei ending, dvs. éi ending for kvar bøyingskategori. Men så gjennomført enkle er ikkje naturlige språk. (Ein ser av eksempla ovafor at rettskrivinga prøver å tilfredsstille denne trøngen.)

At det i bøyinga av ord førekjem lydlige endringar i ordstammen, beskriv vi tradisjonelt i morfofonemikken eller morfofonologien, som gjerne er rekna som eit delområde både av morfologien og fonologien. Og morfofonologien i færøysk kan - i alle fall på overflata - sjá svært innfløkt ut. Bøyinga av dagur, vegur eller veður kan skremme ein nybegynnar i færøysk! Dagur får stammevariantane /dæ:v-/ , /dak-/ , /de:j-/ , /dæ:/ , /de:-/ , /dø:v-/ , altså seks stammevariantar!

Med dei retningslinjene vi brukte ovafor for å definere eit fonem, har vi tre typar morfofonologiske vekslingar:

- 1) Skifte av eitt eller fleire fonem, som i eksempelet med dagur.
- 2) Skifte til eit arkifonem: [rei:] {reyð} - [røt] {reytt}. [ε] er i kort posisjon eit arkifonem til både /ei/ og /e/.
- 3) Skifte mellom allofonar: [søu:rɔr] - [syrt]. [y] er kortallofon av fonemet /øu/ , og [r] er den ustemente allofonen av /r/ når fonemet står framom /t/.

Skiftet mellom allofonar og skiftet til eit arkifonem vil vere kombinatorisk. Det vil seie at det er nabolydar som set restriksjonar på korleis fonemet kan realiseras. Ofte er det slik at nabolyden "tvingar fram" ein viss likskap med seg sjølv, som i tilfellet med [ø]. Det kan vi ikkje seie om [y]. Her er det nabolydane som "tvingar fram" kort kvantitet, men av

ein eller annen historisk grunn, har dette fonemet fått to variantar, som er uavhengige av kvaliteten åt nabolydane.

Felles for all kombinatorisk variasjon er at han kan beskrivas ut ifrå distribusjonen, og uavhengig av at det er tale om bøyingsformer. I ubøygde ordformer viser allofonien same mønsteret. [y] fins aldri kombinert med lang kvantitet, og [u] står bare framom annen ustemt konsonant, der [r] aldri står. Det blir òg kalla komplementær distribusjon. Dette er ein del av fonologien.

Skiftet til eit anna fonem, kan òg vere bunde av dei allmenne distribusjonelle mønstra i språket. Det gjeld f.eks. /sou:-/ og /segv-/. /ou/ kan aldri stå framom /gv/. Men /v/, som vi såg kom inn i dagur framom /u/, og veksla til /j/ framom /i/, er ikkje styrt av noe slikt distribusjonelt mønster: /v/ kan godt stå framom /i/: /so:vi/. Og /j/ kan stå framom /u/: /seljøn/ 'skeljum'. Denne variasjonen må altså beskrivas som ein del av sjølve bøyingane. Dette er dermed det området av morfofonologien som ikkje overlappar med fonologien.

Det særeigne området åt morfofonologien viser oss altså ein mønstersamanheng mellom ulike uttrykksformer/stammeformer av eitt og same ordet. Her opplever mange at grensene for den tradisjonelle strukturalismen er nådd. Det er ikkje utvikla noe godt formelt apparat til å vise denne samanhengen mellom skiftande uttaleformer av eit ord.

Dermed kan vi stoppe på eit punkt der det er lett å forstå overgangen til neste fonologiske skole: den generative fonologien.

4. Generativ fonologi

4.1. Historikk

Alt før den generative fonologien blei utvikla, var amerikanske lingvistar begynt å eksperimentere med nye analysemodellar. Dei prøvde å sjå på det språklige uttrykket som resultatet av ein prosess. Og dette er det den generative gramatikken generelt har bygd vidare på. Prosessen går frå ein djupstruktur og til ein overflatestruktur. Overflatestrukturen er det vi kan observere når vi hører tale. På vegen frå djupstrukturen og til

overflata skjer ymse regelfaste omlagingar, ved såkalla transformasjonar.

4.2. Prosess

Denne innfallsvinkelen, dette perspektivet, kan lett koplas til sjølve språkprosessen hos menneska, at det vi beskriv i fonologien, eller i grammatikken generelt, er måten hjernen vår konstruerer språklige uttrykk på. Ei slik kopling til språkpsykologien er velkjent i den generative grammatikken. Vi skal her ikkje ta opp slike trådar. Vi skal heller legge merke til at dette perspektivet og ein slik prosessmodell gir svært gode vilkår for å innarbeide generaliseringar, ymse mønster, i fonologien. Det blir mulig på formalisert måte å vise samanhengen mellom ord som på overflata har skiftande uttrykksformer, men som har felles eigenskapar på djupare - eller tidligare - steg i prosessen.

Tankegangen i generativ fonologi kan vi illustrere slik: Innsikta vår frå morfofonologien kan vi framstille rasjonelt med å opprette eit omgrep 'morfonem', som fins i djupstrukturen. Morfonemet /ou/ f.eks. blir utsett for desse transformasjonane frå djupstrukturen og opp til overflata:

- 1) framom /gv/ blir det omgjort til /e/: /ou/ > /e/ føre /gv/
- 2) når det skal vere kort elles, blir det omgjort til /ø/: /ou/ -> /ø/ føre lang konsonantisme (c: eller cc).

I djupstrukturen kan ein altså vise samanhengen, og med reglane er det mulig på ein formalisert og komprimert måte å få med alle gyldige generaliseringar, dvs. alle faste mønster.

Legg merke til at vi altså prøver å ha eit rasjonelt regelapparat. Det vil seie at reglane bør vere formulert så generelle som mulig. Dei skal vise mest mulig av det som er systematisk samanhengande i språket. Ovafor skreiv vi derfor 'omgjort til /e/' og 'omgjort til /ø/'. På den måten kan vi få med at det som nå skjer i prosessen, er felles med morfonemet /e/ og /ø/: 3) Alle /e/-ar blir i kort posisjon uttalt [ɛ], og 4) alle /ø/-ar uttalt [œ]. Etter at transformasjon 1) har verka, kan altså transformasjon 3) verke på produktet av 1). Slik blir den fonologiske modellen oppbygd som ein prosess.

4.3. Reglar i færøysk vokalisme

Reglane (eller transformasjonane) for dei viktigaste overgangane i den færøyske vokalismen kan stillas opp slik:

Reglar:

Eksempel:

- | | |
|---|------------------------------|
| 1. /oy/ -> /o/ _ g | oygdur |
| k | roykti |
| ð | oyggj |
| s | koyrt |
| 2. /ou/ -> /e/ _ gv | sjógvur |
| 3. /ou/ -> /ø/ _
[-lang] | rópti |
| 4. /eu/ -> /i/ _gv | kúgv |
| 5. /eu/ -> [y] _
[-lang] | súrt |
| (6. /ai/ -> /a/ _ ð
nð
nɛ) | beiggi
sleingja
einki) |
| 7. /ui/ -> /u/ _ g | lívga |
| k | lýkka |
| ð | tíggju |
| s | dýrt, írskur |
| ʃ | frískur |
| 8. /ei/ -> /e/ _
[-lang] | eygdur |
| 9. /ä/ -> [ɛa] _ (\neq a)
[+lang] | fara |

- (10. /ä/ → /e/ | _ η
n tangar
tangi)
11. /ɔ/ → [oa] | _ (# a)
[+lang] bátur
12. /o/ → /a/ | _
[-trykk] sín á millum
13. /e/ → [ε] | _
[-lang] enn
14. /i/ → [ι] | _
[-lang] skips
15. /ø/ → [œ] | _
[-lang] ong
16. /u/ → [ω] | _
[-lang] munnur
17. /ø/ → [œ] | _
[-lang] møtt
18. /o/ → /u/ | _ a boða
19. /ä/ → /e/ | _ a dagar
20. /e/ → /i/ | _ a gleða
(gleða [gli:ja] er svært lokalt.)
21. /e/ → [ι] | _
[÷trykk] áðrenn
22. /æi/ → [ι] | _
[÷trykk] í dag

4.4. Avleiring (derivasjon)

Med desse reglane er det mulig å vise korleis ei grunnform - ei djupstrukturform - får si eigentlige uttaleform:

roupti	-0->	<u>roupti</u>	-3->	r <u>øpti</u>	-4->	r <u>øpti</u>
		[-lang]		[-lang]		[-lang]

(0 står for ein regel som styrer kvantitetten.)

Det første stadiet blir gjerne kalla morfonemstadiet.

Det kan nå vere aktuelt å transkribere på ulike nivå. Ein kan f.eks. skrive "djupstrukturelt" (morfonemisk) slik: rópti. Eller ein kan legge transkripsjonen på eit seinare nivå i prosessen, f.eks. på overflata: røpti. Eller ein kan velje eit stadium imellom: røpti.

4.5. Reglar og inventar

Reglane tar var på den systematiske samanhengen. Dei seier kva ein kan slutte seg til. Ein treng ikkje opplyse om at vokalen i preteritum av rópa er uttalt [æ], at vokalen i nøytrum av adjektivet móður er [æ] osv. Det går fram av seg sjølv av reglane 3) og 17). Reglane er altså det som rasjonaliserer beskrivelsen og viser dei generelle innsiktene i systemet.

Det vi ikkje kan slutte oss til, er inventaret. Fonema utgjør eit inventar. Dei fonema vi nå har gått over til, morfonema, kunne definerast som 'dei minste tydingsskiljande lydeiningane vi ikkje kan slutte oss til'. At ordet 'rope' skal ha vokalen /ou/ i færøysk, er det ikkje mulig å slutte seg til. Men veit ein først det, kan ein slutte seg til kva vokalen blir i preteritum.

4.6. Reglar i færøysk konsonantisme

Med reglane nedafor kan vi vise dei m nstra som styrer uttalen av b yingsformene ringja - ringdi - ringt - ring:

3. /g/ → /j/ | _ i mangir
4. [n] → [ŋ] | _ ñ mangir
 ç beinki, bonki
5. /g/ → /k/ | _ t bygt
6. [ŋg] → [ŋ] | _ d hongdi
7. [ŋ] → [ŋ̊] | _ k tonk

Prosessen i generativ grammatikk gjør det mulig å innarbeide i fonologien mønster for vekslingar. På formalisert måte kan vi vise samanhengen mellom skiftande ordformer.

Avleiingsprosessen kan vi vise slik:

	<u>ringja</u>	<u>ringdi</u>	<u>ringt</u>	<u>ring</u>
1.	ringja	ringdi	ringt	ring
2.	riŋja			
4.	riŋja			
5.			riŋkt	
6.		riŋdi		
7.			riŋkt	
	[riŋja]	[riŋdi]	[riŋkt]	[ring]

Med denne prosessuelle modellen kan vi òg framstille det regelmessige i borð /bo:r/ - til bordðs [boʂ], med ein regel:

8) rs → [ʂ]

Når vi har sett opp slike reglar, kan vi altså bruke bifonemiske løysingar på [ŋ] og [ʂ] under overflatestrukturen. Dermed minkar talet på fonem. I bøyninga [fles] - [flesar] vil ein regel om /s/ + /j/ → [ʂ] gjøre det overflødig med eit fonem /ʃ/. Men det fonemet må vi likevel ha i framlyd i ein del ord, som f.eks. /segvur/ 'sjógvur', for synkront sett er det ikkje opplagt kva ein i slike tilfelle skulle derivere den palatoalveolare lyden ifrå.

Med slike regelapparat kan det vere freistande å redusere konsonantinventaret med fleire fonem, f.eks. også dei to affrikatane vi har diskutert før.

4.7. Distinktive faktorar

I oppsettet ovafor har vi stilt opp reglane som overgangar frå ein lyd til ein annen. Med det har vi greidd å illustrere prosessen, men det set ei grense for generaliseringane vi kan uttrykke. Generativ fonologi har òg gjort seg nytte av omgrepet distinktive faktorar, og har på den måten kunna generalisere over enkeltlydane. Ovafor hadde vi f.eks. desse to reglane:

R4. /əʊ/ → /i/ | _ gv

R2. /ou/ -> /e/ | _ gv

Med å sjå etter dei distinktive faktorane som endrar seg i desse to reglane, kan ein oppdage at det er nett det same som skjer i begge:

[+dift.]	[÷diftong]	
[+runda]	->	[÷runda] __ gv
[÷bakre]		[÷bakre]

Dermed kan ein altså formulere dei to overgangane i éin regel.

Det same kunne ein med fleire av reglane ovafor.

Å bruk distinktive faktorar gir stor gevins i beskrivelsen av eit hiatus-fenomen i færøysk:

A.	<u>v</u>	+	<u>v</u>	->	<u>v</u>	+	[j]	+	<u>v</u>	sigur
	[+høg]				[+høg]					býur
	[÷runda]				[÷runda]					seigur

B.	v	+	v	->	v	+	[w]	+	v	hugur
	[+høg]				[+høg]					stóðu
	[+runda]				[+runda]					búði

C.	<u>v</u>	+	<u>v</u>	->	<u>v</u>	+	[j]	+	<u>v</u>	kastaði
	[÷høg]		[+høg]		[÷høg]			[+høg]		gleðir
			[÷runda]					[÷runda]		togi

D.	<u>v</u>	+	<u>v</u>	->	<u>v</u>	+	[v]	+	<u>v</u>	kastaðu
	[÷høg]		[+høg]		[÷høg]		[+høg]		gleðum	
									togum	
									bláum	
									bløðum	

Alternativet til denne generelle og komprimerte beskrivelsen ville vere å opplyse om kvar overgang: /a/ + /i/ -> /aji/, /e/ + /i/ -> /eji/ osv.

I generativ fonologi er det altså dei distinktive faktorane som er dei minste elementa, ikkje fonemsegmenta. I staden for dei artikulatoriske termane som her er brukt på faktorane, har det vore svært vanlig å bruke termar henta frå akustisk fonetikk. Det ser vi f.eks. av arbeidet åt O'Neil (1964).

4.8. Grensene for abstraksjonar

Vi såg ovafor at regelapparatet i generativ fonologi gjør det mulig å redusere f.eks. fonemtalet. Dessutan kan det – særleg for færøysk – vere freistande å innarbeide ei historisk innsikt i desse reglane, slik at den historiske samanhengen mellom orda i språket kjem fram på det grunnleggande nivået i avleiingsprosessen, og også slik at djupstrukturen svarer til det felles einskaplige opphavet åt dei oppsplitta geografiske variantane. Denne freistunga har O'Neill (1964) falle for. Han rekonstruerer norrøne morfonem, og har som forklaring:

"For it is apparent, despite the workings of history to the contrary, that a speaker of Faroese operates as if the significant change of /ɛ/ to [ö] : [œ] and of /o/ to [ɔ] : [ɔ] : [ø] had not disrupted the pattern of an earlier stage of Faroese." (O'Neill 1964:368.)

Den generative fonologiske modellen har slik "kraft" at han kan brukas til mange "ønskemål". Bare det som kjem ut av prosessen på overflata, er i samsvar med det verkelige språket, kan mye gjøras under overflata. Men når ein begynner å arbeide inn i fonologien slik historisk innsikt som ein ulærd språkbrukar neppe kan ha skaffa seg, har beskrivelsen fjerna seg frå å beskrive språket slik det faktisk fungerer hos den levande samtidige språkbrukaren. Kvart barn utviklar si språkevne på

grunnlag av språket ikring seg, dvs. på grunnlag av synkrone opplysningar.

Det har utvikla seg sterk kritikk mot denne "krafta" i modellen, at det er for få avgrensingar på kva ein kan lage av reglar. Derfor har det i den seinare tida vore arbeidd med å sette grenser for korleis ein kan lage ein avleiingsprosess. Det skal finnas krav til at det som skjer i avleiingsprosessen, kan stadfestas ut ifrå overflata. Ein må kunne kontrollere eller teste på overflata at det ein beskriv i avleiingsprosessen, er relevante generaliseringar på grunnlag av overflata (det realiserte språket). Morfonema ein bruker i djupstrukturen skal ikkje gjøras meir abstrakte enn at dei kan observeras på ein eller annen måte på overflata, og det same kravet må gjelde reglane at dei skal avspegle seg i faktiske skriftningar på overflata.

Litteraturliste

- Hagström, Björn 1967. Ändelsevokalerna i färöiskan. En fonetisk-fonologisk studie. (Acta Universitatis Stockhomiensis. New Series 6.) Stockholm.
- O'Neil, Wayne A. 1964. Faroese Vowel Morphophonemics. I: Language Vol. 40, No. 3. (S. 366-371.)
- Skomedal, Trygve 1972. Vokalsystemet i Sætesdalsmålet. I: Magerøy og Venås (red.): Mål og namn. Oslo-Bergen-Tromsø. (S. 291-306.)